



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5786 - 23/32674

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
30.04.2023

## **Oversending av klage til endeleg avgjerd - gbnr 449/32 Nøttveit**

### **Saka gjeld**

Alver kommune viser til klage datert 20.12.2022. Det er her klaga på gebyret som vart gjeve i saka, og det vert bedt om at dette fell vekk. Det er vist til at det er urettvis å påleggje eigar alt ansvar for at bruksendring tok så lang tid.

### Rettsleg utgangspunkt

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 første ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl. § 33 andre ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b) slår fast at eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personar». I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan illegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så langt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjønnsjerningar.

### **Vurdering**

Den konkrete klaga er retta mot sakshandsaminga i byggesak. Klaga indikerer at kommunen har delt ansvar for at sakshandsaming tok så lang tid, og at det dermed er grunnlag for bortfall av gebyret i sin heilskap.

Kommunen vurderer at det er klagerett på desse tilhøva, jf. fvl.§28. Vidare vert det orientert om vurdering av frist i byggesaka, samt eventuelt grunnlag for tilbakebetaling av gebyr.

Det er på det reine at byggesaka fell inn under sakshandsamingsfrist på 12 veker jf. pbl.§21-7 første ledd, ettersom tiltak ikkje er i samsvar med «bestemmelsen gitt i eller i medhold av denne lov» ved at det er søkt fritak frå byggteknisk forskrift, jf. pbl.§21-7 andre ledd. Vidare var tiltak òg avhengig av løyve etter veglova for endra bruk av avkøyrslø, samt dispensasjon frå avstandskrav mot veg. Dette inneber at byggesaksforskrifta (SAK10) §7-6 opnar for tilbakebetaling av gebyr dersom sakshandsamingsfrist er broten frå kommunen si side.

Kommunen viser til vedtak datert 09.12.2022. Her er det gjort vurdering av sakshandsamingsfristen i byggesaka. Kommunen kan ikkje ved ny gjennomgang sjå at det ligg føre brot i sakshandsamingsfrist. Det vert særleg vist til at det ikkje låg føre tilstrekkeleg dokumentasjon til å vurdere fritak frå byggteknisk forskrift, som vart etterspurt ved fleire tilhøve. Sjå vedlegg. Søknad vart rekna som komplett den 06.12.2022, då det vart sendt inn ytterlegare opplysningar som var relevant for fritaksvurdering frå byggteknisk forskrift. Det vart i kombinasjon av e-post og telefonkorrespondanse her opplyst omtrentleg kor store avvik tiltaket hadde frå dagens tekniske krav etter TEK17. Desse avvika var vurdert som heilt sentrale i fastsetting av om tiltak var «forsvarlig» etter dåverande fritaksheimel, pbl.§31-2 fjerde ledd. Dette medfører at frist for handsaming av byggesøknad var først 28.02.2023.

Kommunen si vurdering er at det ikkje ligg føre grunnlag for reduksjon eller bortfall av gebyr, jf. SAK10 §7-6, ettersom sak er vurdert handsama innanfor tidsfrist i pbl.§21-7 første ledd.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedrørende gebyr - gbnr 449/32 Nøttveit  
Dykkar svar på vår forespurnad til vedtak - gbnr 449/3 Nøttveit  
Kommentar til svar og godkjent bruksendring - gbnr 449/32 Nøttveit  
Svar på førespurnad angående løyve - gbnr 449/32 Nøttveit  
Radonmålingar dei to siste soveromma - gbnr 449/32 Nøttveit  
Sov Nr 3 - måleresultat 1  
Sov Nr 2 Else Marie - måleresultat 2  
Svar frå Vestland fylkeskommune og e-post om balansert ventilasjon - gbnr 449/32 Nøttveit  
Vestland fylkeskommune - Godkjent Avkøyring av 19.08.2022  
Svar frå Vestland fylkeskommune på søknad om dispensasjon av 14.10.2022  
Spørsmål vedr. balansert ventilasjon - gbnr 449/32 Nøttveit  
Tiltak på eksisterende bygg - regelverk - gbnr 449/32 Nøttveit  
Balansert ventilasjon - gbnr 449/32 Nøttveit  
Energikrav 1997 - gbnr 449/32 Nøttveit  
Løyve til bruksendring - gbnr 449/32 Nøttveit

**Vedlegg:**

Foto og teikning

Situasjonskart

Viser til brev der de ber om ytterlegare opplysningar og dokumentasjon - gbnr 449/32 Nøttveit

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 449/32 Nøttveit

Eftersending av ytterlegare informasjon til søknad - gbnr 449/32 Nøttveit

Tilbakemelding - etterspurd tilleggsdokumentasjon - gbnr 449/32 Nøttveit

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 449/32 Nøttveit

Efterspurd tilleggsdokumentasjon - gbnr 449/32 Nøttveit

Svarbrev Kommunen 449/32

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 449/32 Nøttveit

Løyve om endra bruk av avkøyrsløse - fv. 525 - gbnr 449/32 Nøttveit

Søknad om bruksendring - gbnr 449/32 Nøttveit

Søknad om bruksendring - gbnr 449/32 Nøttveit

Følgeløse til søknad om bruksendring

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Boligspesifikasjon

Erklæring felles avkjøyring

Diverse vedlegg

Søknad og bekreftelse frå Statens vegvesen

Situasjonskart (2)

ORG PDF - Søknad om bruksendring - 449/32 Nøttveit

**Kopi til:**

Else Marie Nødtvedt

Radøyvegen 1552

5936

MANGER

Ing Taule As

Radøyvegen 1400

5936

MANGER

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER